



Murane etter ei stølsbu på Indrestølen på Eikeskog

STØLSSPOR 2021

Også sommaren 2021 gjekk eg mange turar på fjellet på leit etter fysiske spor etter støling og høyberging. Det aktuelle området dekkjer delar av Molaug, Håland, Frafjord, Eikeskog, Brådland og Måen. På førehand hadde eg jo litt kunnskap om kor det var sannsynleg å finna noko. Kartet på neste side syner dei stadane der eg stansa opp og tok fram fotoapparat og målband.

Dei fleste spora er murrestar som vitnar om at her har det ein gong stått ein bygning. Nokre av dei har vore høyløer, men nokre er kanskje restane av eit stølsbus, dvs. eit husvære på fjellet der buedeier, gjetarar og slåttelefolk heldt til i lag med dyra sommarstid. Eventuelle stadar der det har stått stølsbus med vegger i tre er det mest umogeleg å finna spor etter i dag. Nokre av bygningsrestane er velkjende, som på Fed, mange andre er vel snart gløymde av dei fleste.

Ordet støl kjem frå gamalnorsk og betyr i snever forstand ein melkeplass for husdyr. Ordet støl fekk etterkvart eit utvida meiningssinnhald, mellom anna avhengig av geografi og topografi. På sørvestlandet vil såleis ein støl bety

- ein stad i utmarka eller på fjellet der ein hadde dyr om sommaren med stølsfaste buedeier og gjetarar, eller

- ein stad i utmarka eller på fjellet der kyrne beitte om sommaren, vart mjølka morgon og kveld av folk frå garden - og mjølka vart så boren til gards, eller
- ein stad i utmarka eller på fjellet der ein hausta gras/høy som ein henta ned om vinteren, eller
- ein stad der husdyr beitte sommarstid under tilsyn, eller
- ei blanding av desse driftsformene

Ein må og rekna med at stølsdrifta endra seg over tid, og varierte frå gard til gard.

Kartet på neste side syner i grove trekk dei turane/traséane som ga grunnlaget for registreringane som er omtala (blå strekar).

Kartkoordinatane er WGS 84 Lon/Lat. Koordinatane kan vera nokre meter feil.


Alle bilete - bortsett frå det nedst på side 11 - er tekne av forfattaren.

Det finst fleire interessante stølsspor i fjella omkring Frafjord. Kanskje det blir nokre fjellturar neste år også ?

Dersom du oppdagar feil hadde det vore fint å få beskjed slik at dette kan rettast opp!


Frafjord 1. november 2021

Per Terje Haaland



Nokre fjellturar sommaren 2021

Nye registreringar i Norddalen (Håland og Molaug)



Dei to raude flagga viser plasseringa av murrestar etter to bygningar, sannsynlegvis høyløer. Innafor Salmonsjuvet ligg Heimra låå, nedst i Neslebakkane finne ein Nesalåå. Stjerna viser plasseringa av steinkista i Neslebakkane. Spørsmålsteiknert indikerer kor firetråden frå Neslebakkane sannsynlegvis enda. Men det er i dag ikkje noko fysisk minne etter dette. Ved dette punktet møtte den gamle vegtraseen den nye vegen. Sannsynlegvis vart steinane i steinkista her brukt då den nye vegen vart bygd (1938-1940). Dette er omlag 25 m nedanfor Leet.

Heimra løå (Molaug)

ligg omlag 150 m innafor Salmonsjuvet, på nedsida av stien på kanten av eit lite brattheng. Heimra løå er omlag 5 x 7 m ytre mål og murane er nokså nedraste. Brei åpning mot nordaust. Bjørkeskog ovanfor, tidlegare slåttemark ? N:58.851365 Ø:6.340509, H: 252 moh.



Heimra løå ligg omkring 40 m ovanfor Norddalsåna.



Heimra løå har eit gammalt preg og er bygd av tildels grov stein.

Nesaløå (Molaug)

ligg nedst i Neslebakkane der Norddalsåna gjer ein tydelig sving.

N: 58.85429 Ø: 6.338255. 307 moh.

Bare nokre få grunnsteinar er i dag synlege på denne løa som er ca. 4 x 7 m ytre mål.

Fin gamal slåttemark i Neslebakkane. Men her er ikkje nesleplanter å sjå, derimot store mengder myrtistel.



Det er ikkje så enkelt å leggja merke til omrisset av Nesaløå.



Den austre sidemuren ligg samanrast, delvis under ei stor bjørk.

Steinkiste - firetrådspel (Molaug)

I bjørkeskogen litt sør i Neslebakkane ligg restane etter det som må vera restane etter firetrådspelet frå Heiabrådet. I følgje Einar Haaland og andre firde dei først høyet ned til Neslebakkane, og så på ein ny firetråd over elva til Fantasletta, ein stad like innafor Fantorå. Ifølgje Per Kåre Haaland/Peder P. Haaland enda firetråden frå Neslebakkane ein stad like nedanfor Leet på stølsvegen. I så fall er nok dette spelfeste fjerna då dei bygde den nye stølsvegen 1938-1939.

Steinkista i Neslebakkane er omlag 1,5 x 3 m og ligg oppå ein stor stein i skrått terreng like ovanom stien. Området er elles prega av gamal bjørkeskog. Steinkista er delvis samanrast, men ein ser framleis tydeleg hol etter spelstokken. Steinkista 'siktar' mot Heiabrådet.

N:58.853775 Ø: 6.338007 H: 317 m.o.h.



Steinkista i Neslebakkane ligg på ei steinblokk i ganske bratt bjørkeskog.



Her ser vi tydeleg holet etter spelstokken. Ved sida av steinkista ligg og to omlag 1 m lange og 7 mm tjukke firetrådstubbar. Må tru dei er restar etter firetråden opp til Heiabrådet.

Norde Eikeskogstølen

Omkring 60 m nordvest for den nye hytta til Kjell Haaland ligg restane etter minst ei, kanskje 2-3 gamle bygningar. Bare grunnsteinane finst i dag, og dei er sterkt overgrodde med einer og vanskelege å oppdaga. Om dette er høyløer eller noko anna, er vanskeleg å seia. På eit flyfoto fra 1967 er det lite einer, og ein ser tydeleg diverse steinfirkantar. På LIDAR-bilete frå 2018 ser ein tydeleg steinrekker i det same området, men utan å kunne avgrensa bygningar med sikkerhet. - Her må nok eineren ryddast !

N: 58.87717 Ø: 6.35396 H: 625 m.o.h.



I einerbuskaset markert med et kryss ligg restane etter minst ein bygning. Bare grunnsteinane er der framleis. Kanskje stein herfrå blei brukt til å byggja stølshusa ned mot vatnet ?



Flyfoto frå 1967. Eineren har ikkje grodd opp enno. Murane nedst til høgre er stølshuset til Aslak T. Eikeskog. Lenger opp mot venstre ser vi fleire firkantar som nok er restar av gamle grunnmurar.

Indre Frafjordstødn

ligg litt opp i bakkane like ved bekken ned frå Flækjødna, omlag 260 m sørvest for Valevatnet. Ganske godt bevarte steinmurar ca. 6 x 6 m, inngang mot nord. Dei fleste som går turen opp Norddalen og over fjellet ned til Øyren vil ikkje koma forbi denne stølen sidan 'turiststien' ned frå Flækjødna går litt lenger sør enn den gamle stien.

Like aust for stølsbygningen ligg ein omlag 10 m lang steingard. Saman med terrenget omkring er denne ein del av ein slags gare (kve).

N: 58.86803 Ø: 6.28832 H: 529 m.o.h.



Indre Frafjordstølen sett mot nordaust og Valevatnet.



Indre Frafjordstødn ligg fint til i skrått terreng med god utsikt.

Murane held på å bli overgrodde av eigner, bregner og småbjørk.



Murane på denne stølsbygningen er stort sett godt bevarte.



Like aust for stølsbygningen er murt opp ein liten steingard som sannsynlegvis er ein del av ein gare (kve).

Ytre Frafjordstødln

ligg like ved stien på ein avsats i terrenget med god utsikt mot fjorden. Kjempefin plass. Området rundt er nå tilgrodd med bjørkeskog. Her finst det restar etter tre bygningar, den eine med restar etter murvegger av grov stein.

Stølsdrift på Frafjordstølane tok slutt før år 1900, men storfe har og seinare hatt beite inn mot indre Frafjordstødln. Dyra vart som regel frakta i båt ut til Ørestø. Herfrå starta ei tung oppstigning til fjells.



Ytre Frafjordstødln er området med raud ring rundt - sett frå kaien i Frafjord.



Bilete frå Ytre Frafjordstødln omkring 1930. Vi kjenner igjen søskena Agnes og Bjørn Frafjord. Kanskje det er faren, Torger, som står bak til høgre. Dette er bygning nr. 2. Foto: ukjent.



*Bygning 1. Restane etter det som sannsynlegvis var stols huset på Ytre Frafordstødn. Fjorden ned bak til venstre
N: 58.85495 Ø: 6.26447 H: 414 m.o.h.*



Bygning 1. Grov stein er nytta for å laga ein grunnmur i dette stols huset. Svært mosegrodd nå.



Bygning 2. Grunnsteinane i bygningen er knapt synlege i dag. N: 58.85493 Ø: 6.26444 H: 413 m.o.h.



Bygning 3. Her er restane av både øvre og nedre mur godt synlege. N: 58.85495 Ø: 6.26439 H: 414 m.o.h.

Høyløa på Vierhammaren (Frafjord)

Vegen til fjells går opp frå Øyren over Vierhammaren, opp til Ytre Frafjordstødl n og vidare innover. På eit litt slakare parti oppå Vierhammaren ligg ei lita høyløe med ganske godt bevarte steinmurar. Området ovanfor løa er nå tilgrodd med bjørk, men her har vore fine slåttebakkar.

Ca. 3 x 4 m ytre mål med åpning mot vest.

N: 58.84847 Ø: 6.27653 H: 150 m.o.h.



Løa på Vierhammaren ligg på ei lita flate like ovanfor stien. Svært mosegrodd.



Det er mange år sidan folk slo graset i bakkane på Vierhammaren.

Indrestødn (Eikeskog)

Her ligg det restar etter minst fem bygningar, men det kan vera fleire. Av desse er det sannsynlegvis to stølshus.


Indrestødn 1 - stølshus

Indrestødn 2 - stølshus

Indrestødn 3 - høyløe

Indrestødn 4 - høyløe

Indrestødn 5 - høyløe



Kartutsnittet viser plasseringa av dei fem registrerte bygningane i området Indrestødn. Litt lenger inne i dalen ligg hytta til Eivind Haaland.

Indrestødln 1

Ca. 4 x 5 m ytre mål. Inngang mot nordaust. God utsikt over heile stølsområdet frå denne staden.

N: 58.86843 Ø: 6.38960 H: 500 m.o.h.



Indrestødln 1 ligg i bakken omkring 60 m ovanfor stien. Ganske godt bevarte murar. Sannsynligvis eit støls hus.



Frå Indrestødln 1 ser ein rett ned på stien og Indrestødln 2.

Indrestødln 2

Ca. 5 x 6 m, inngang mot nordvest. Til dels godt bevarte murar, opptil 2 m høge.
N: 58.86806 Ø: 6.39078 H: 475 m.o.h.



Desse murane ligg mellom stien og bekken og er lette å sjå for den som går forbi.



Murane på Indrestødln 2 er ganske godt bevarte, men held på å rasa ut fleire stader.

Indrestødn 3

Ca. 4 x 5 m, kun grov grunnstein ligg att. På flyfoto fra 1967 ser ein grunnmuren tydeleg.
N: 58.86820 Ø: 6.38982 H: 488 m.o.h



Indrestølen 3 ligger på en steinete flate like nord for Indrestølen 2.




Bare grunnsteinane viser kor denne låa stod.

Indrestødln 4

Ca. 4 x 5 m, bare grunnsteinane er synlege i dag. Disse lørestane ligg få meter nedanfor Indrestødln 3. Sjå kart.
N: 58.86786 Ø: 6.38989 H: 481 m.o.h.



Både Indrestødln 3 og 4 ligg like ovanfor ei stor slåttemyr.



På flyfoto frå 1967 er det lite tre og anna vegetasjon som gøymer Indrestødln 1 - 4.

Indrestødln 5

Denne løa ligg under fjellet i kanten av eit myrdrag noko lågare enn dei andre bygningane på Indrestødln. Murane er nokså nedraste og løa virkar gamal. Ca. 5 x 6 m.
N: 58.86607 Ø: 6.38957 H: 458 m.o.h



Denne gamle høyløa ligg i utkanten av ei slåttemark, inn mot fjellfoten. Tilgrodd med einer.



Om dette var ei vanleg uteløe, ville ho ha plass til 30-40 børe med tørt hø.

Høgebakkakjødnå 1 (Eikeskog)

Grove murar like ved stien, ca. 5 x 6 m, oppmurt mellom fleire store steinblokker. Ser gamal ut. Ifølgje Erling Eikeskog/Kjell Haaland kan dette vera ein gamal stakkplass. Murane ligg på ei lita høgde like ved stien, omlag 40 m vest for kjødnå. N: 58.87740 Ø: 6.39881 H: 667 m.o.h.



Desse murane ligg i utkanten av fleire myrdrag, like ved ein stor stein ved stien.




Murane er lette å sjå sjølv om småbjørk veks opp innimellom steinmurane.

Høgebakkakjødnå 2 (Eikeskog)

Låge, nedraste murar like ved stien, på ei høgde ca. 70 m nord for kjødnå. Ser gamal ut.

Ca. 5 x 5 m ytre mål.

N: 58.87815 Ø: 6.40033 H: 671 m.o.h.



Høgabakkakjødnå mot sør - sirklane markerer kor dei to høyløene ligg.



Murane ligg i utkanten av skogen som gror opp, men er lett å sjå frå stien som går like forbi.

Skitstølen (Eikeskog)

Skitstølen ligg i eit lite daldrag omlag 150 m ovanfor kjødna. Mykje stein i området, men nokre mindre myrer ned mot kjødna. Her finst restane etter to bygningar 4-5 m frå kvarandre. Støl eller utløer ?

Skitstølen 1: N: 58.88307 Ø: 6.40732 H: 721 m.o.h.

Skitstølen 2: N: 58.88307 Ø: 6.40732 H: 722 m.o.h.



Restane av Skitstølen går mest i eitt med terrenget og ligg ikkje langs stien. Skitstølen 1 nærast.



Skitstølen sett mot Månadalen. Dei to bygningane ligg bare få meter frå kvarandre. Skitstølen 2 nærast.



Skitstolen 2, ca. 4 x 4 m, delvis oppmurt mellom naturlige steinblokker. Ganske godt bevart.



Skitstolen 1, ca. 5 x 5 m ytre mål, ganske godt bevarte, kraftige murar.

Mån - kvernhus

Ca. 900 m innafor gardstunet på Mån ligg restane av ein kvernhusanlegg. Det består av

- 2 kvernhus (murrestar)
- vassgrøft (veite) ca. 90 m lang for å leia vatn til kvernhusa. Breidde ca 1 m, nåverande djupn 20-40 cm.
- oppgravd bekkefar til inntakspunkt for vatn, ca. 30 m
- steinrekke som avskjer naturleg elveløp og leier vatnet inn i det oppgravde bekkefaret

Det er lite sannsynleg at dei to bruka på Mån hadde kvar si kvern. Kanskje vart det minste kvernhuset brukt som korn tørke. Med vassdriven kvernkall begge stader fekk ein tørka kornet før maling.

Koordinater kvernhus 1: N: 58.86509 Ø: 6.40299 H: 328 m.o.h.

Koordinater kvernhus 2: N: 58.86515 Ø: 6.40315 H: 328 m.o.h.



Dei to kvernhusa på Mån ligg ved eit sideløp til hovedelva. Vatn til kvernkallane måtte leiast inn med særlege tiltak. Fallet ned mot kallen vart likevel ikkje meir enn 3-4 m. Kvernhus 2 (det minste) nærast. Stien innover dalen går bak den store steinen på bilete.



På dette flyfotoet er merka av heile kvernhusanlegget på Mån. Det er skrive at korn sjeldan vart moga på Måen, men dette anlegget tyder på at det var viktig å kunne mala korn sjølv. Kornet måtte då kjøpast og berast opp. Kanskje det vart billegare enn å kjøpa mjølet.




Kvernhus 1 er omlag 3 x 3 m. Vatn vart leia ned ei tverrgroft frå tilførselsveita. Tverrgrofta som vi ser konturane av på bilete, var ca 12 m lang med eit fall på ca. 4 m.



Kvernhus 2 er knapt 2 x 3 m stort ytre mål. Kanskje dette var ei korntørke? For ikkje å brenna kornet i tørkepanna måtte denne rotera. Ein kvernkall ville kunne sørgja for det.



Eit sideløp til elva er gravd (ca 30 m) opp for å kunna tilføra meir vatn til kvernane lenger nede, sjå kartet.



For å sikre meir vatn til vassgrøfta er lagt stein ca. 25 m lengde (halvveis demning), sjå kartet.

Månastødl (Mån)

Mellom Månavatnet og Fidjvatnet ligg Månastødl, på vestsida av elva. På flyfoto frå 1967 ser vi eit fint slåtteområde med mykje mindre bjørkeskog enn nå. Her er registrert tre objekt:

- stølshus Månastødl (N: 58.88098 Ø: 6.42117 H: 385 m.o.h.)
- murar etter ei utløe (: 58.88244 Ø: 6.42527 H: 386 m.o.h.)
- rydningsrøys (N: 58.88252 Ø: 6.42528 H: 386 m.o.h.)



Godt bevarte murar etter stølshuset, ca. 4 x 5 m og omlag 1,5 m høge. Utgang mot nordøst. Ser ut som om det har vore ei forlenging mot nordaust, kanskje ei kve.



Like nedanfor det gamle stølshuset på Månastødl, er det bygd opp ei moderne hytte.



Murar etter høyløe ca. 6 x 8 m, bare grunnsteinane ligg att. Ligg omlag 180 m nordøaust for sjølve Månastødln. På ei flate ved elva, fin beite- og slåttemark. Nå gror bjørkeskogen til.



Tydeleg rydningsrøys nær høyløa. I bakgrunnen ser vi elva.

Fed

Dette er ein fjellgard i Fidjadalen med busetnad frå før år 1600 fram til omlag 1867. Garden ligg på ei lita høgde på vestsida av elva. Både nord og sør for garden er det store, flate vidder til beite og slått. Frå Eikeskog opp til Fed er det omlag 11 km. Her finst i dag murrestar etter minst 4 hus/løer i tillegg til ein stor gare (kve).


N: 58.90687 Ø: 6.47147 H: 440 m.o.h.

- hovedbygning (1), ca. 7 x 14 m
- murar nord for hovedbygning (2), 6 x 9 m
- murar vest for hovedbygning (3), ca. 5 x 6 m
- murar nord for vestre ende av hovedbygning (4), ca. 5 x 5 m
- murar like nord for nr. 3 (5), ca. 4 x 4 m
- grunnsteinar etter gare/kve (6), ca. 7 x 15 m
- djup grop mellom nr. 1 og nr. 3 (7) - brønn ?

Alle mål er ca. ytre mål til murane.




Dette er restane av hovedhuset på Fed. Murane er nokså grove og er i ferd med å falla frå kvarandre. Ikkje meir enn ein kan venta sidan det er meir enn 150 år sidan det budde folk her. Det kan sjå ut som huset er todelt, sjå flyfoto på side 26. Dei siste som budde på Fed var Aslak Mauritson Fed og kona Gunhild Persdotter Mån. Les meir om garden Fed gjennom tidende i Bygdebok for Gjesdal, Indre del, band 1.



Fed og Fedslettene mot Fidjvatnet. Tuftene etter garden ligg på ei lita høgde litt til høgre i bilete.



Flyfoto 2019 (Norge i bilder) som viser restane av sju steinkonstruksjonar.



Fed 2 - murane er mest ramla heilt ned. Mykje stein tyder på at dette har vore ein skikkeleg bygning.



Fed 3 - nedraste murar med mykje stein i tyder på at dette har vore ein skikkeleg bygning.



Fed 7. Mellom Fed 1 og Fed 3 finst ei ganske djup forseinking, no fylt med stein. Kanskje dette har vore ein brønn ? Eller kanskje eit matlager ?



På utsida av hovedbygningen finst minst 6 deler av ein gamal ovn av støypejern. Vi må rekna med at ovnen er frå den tida det budde folk på Fed. Sjølv om ovnsplatene er ganske rusta og mykje av ornamentikken er borte, kan vi likevel sjå tydeleg portrettet av ein storkar. Kanskje ein konge ?


Kontakt med Riksantikvaren avslørte at portrettet tilhøyrrer kong Christian VI av Danmark-Norge. Han var konge i dei to landa frå 1730 - 1746. Det er ganske utruleg at portrettet på ovnsplata har halde seg så godt over så lang tid.

Vart denne ovnen kjøpt ny av folket på Fed – eller blei den kanskje kjøpt brukt på eit seinare tidspunkt ? Det er sjølvstomt umogeleg å vita. Derfor kan vi heller ikkje vita kven som bar ovnen opp til Fed - opp Snellaldalen, opp til Mån, over Månavatnet, gjennom Huldrehaugane og vidare inn langs Fidjavatnet til fjellgarden.

Fed låg øyde nokre år omkring 1740. I 1744 bygsla Ola Olsen Tjørhom frå Sirdal og kona Siri Håvarsdotter frå Molaug garden. Dei vart buande på Fed i 20 år og fekk 6 born. Kanskje det var dei som investerte i ein skikkeleg ovn ?

Brådland

Etter ein lang dag i Brådlandsheiå blei det registrert og fotografert i alt 15 objekt. Men det finst fleire. På kartet nedanfor er kvart objekt markert med eit symbol og eit nummer. Nummeret vert vist til i den komande presentasjonen.



Oversikt:

- 1 Utløa
- 2 Steingard
- 3 Steingard
- 4 Utløa
- 5 Firetrådfeste
- 6 Steinkista firetråd
- 7 Utløa
- 8 Firetrådfeste
- 9 Stakktuft
- 10 Utløa
- 11 Utløa
- 12 Utløa
- 13 Stølstuft (Midtstødn)
- 14 Stølsanlegg (Brådlandstødn)
- 15 Utløa



Utløe innafør Brådlandsfossen (1)

Denne vesle grunnmuren ligg like ved stien inn mot brua.
Ca. 2,5 x 3 m ytre mål, nord- og austvegg godt bevart.
Ikkje slåttemark i nærleiken.

N: 58.84375 Ø: 6.38554 H: 161 m.o.h



To av sidene i denne bygningen er svært godt bevarte. Full åpning mot sør og stien.



Denne lille låa ligg ved stien mellom Brådlandsfossen og brua over elva.

Steingard på sørsida av elva (2)

Godt bevart steingard ca. 40 m lang. Avgrensar eit nokså flatt areal ned mot elva.
Ser ut til å vera eit gammalt inngjerda beiteområde.
N: 58.84363 Ø: 6.38734 H: 163 m.o.h.



Steingard innafor bru over elva, på nordsida (3)

Enkel steingard ca 25 m lang. Må vera lagt opp for å hindra at beitande dyr gjekk for langt innover på nordsida av elva. Lett å sjå frå stien på sørsida av elva.
N: 58.84441 Ø: 6.38962 H: 203 m.o.h.



Grøne bakkjen (4)

Her ligg ei lita høyløe bygd inn mot ein stor stein. Ca. 3 x 3 m. Godt bevarte murar. Åpning mot sør.
Det har vore godt beite her, og gode slåttemarkar. Nå er bjørkeskogen blitt stor og ganske tett.

N: 58.84458 Ø: 6.39971 H: 268 m.o.h.



Høyløe med mosegrodde murar og store bjørketre inni.



I denne låa utgjer ei stor steinblokk nordveggen. Heilt åpen mot sør.

Firetrådfeste mellom Grøne bakkjen og Groslåttå (5)

På ei høgde nokre meter sør for stien opp mot Groslåttå står eit lite steintårn (løypestrengtårn). Tårnet er omlag 1 m høgt. I berget bak tårnet er sett ned ein jernbolt. Firetråden var festa i bolten og lagt over toppen av tårnet for å få god høgde nedover. Sannsynlegvis gjekk denne firetråden ned mot brua over elva.

Dette firetrådfeste er ein del av løypestrenganlegget frå Urdalen og ned mot garden på Brådland. Les meir om dette anlegget i artikkelen til Odd Jan Andersen: [Løypestrenganlegg i Indre Frafjord - en glemte 100-åring.](#)

N: 58.84502 Ø: 6.40665 H: 364 m.o.h.



Dette oppmurte løypestrengtårnet er plassert på eit lite berg for å få god høgde ut. I bakgrunnen Molaugvatnet og fjorden.



I berget rett bak steintårnet er sett ned ein kraftig jernbolt som endefeste for firetråden.

Groslåttå - steinkiste/løypestrengmottak (6)

Her ligg ei svært godt bevart steinkiste med tydeleg hol etter spelstokken. Kista peikar oppover mot firetrådtårnet lenger oppe i Urdalen. Fallet frå utgangspunktet er 23 m.

N: 58.84541 Ø: 6.41821 H: 499 m.o.h.



Groslåttå - utløe (7)

Godt bevarte løemurar, ca. 2 x 3 m ytre mål. Utgang mot sør og elva.
Ikkje mykje slåttemark her.

N: 58.84581 Ø: 6.42029 H: 494 m.o.h.



Murane etter denne utløa er svært godt bevarte. I bakgrunnen ser vi Tverrfjellet.



Utløa ligg mellom store steinar nokre få meter frå elva.

Urdalen - firetrådfeste (8)

Dette løypestrengtårnet ligger nederst i Urdalen med fri sikt ned mot Groslåttå.
Like bak steintårnet finn vi ein skråstilt jernbolt som har vore endefeste for firetråden.

N: 58.84437 Ø: 6.42085 H: 522 m.o.h.



Dette firetrådfestet er plassert oppå ei stor steinblokk for å få ekstra høgde. Herfrå er det fri sikt ned mot mottaket i Groslåttå. Lengst bak i bilete ser vi Frarfjorden.



Kraftig 12 mm jernbolt festa i ein stor stein like bak steintårnet. Også denne er tydeleg skråstilt.

Urdalen - stakktuft eller løa ?(9)

Sentralt i Urdalen ligg ein steinkonstruksjon som mest sannsynleg viser kor det har stått ein høystakk. Ut frå dei store myrane/flatene i Urdalen må vi rekna med at mykje av høyet som vart slått her, vart sett i stakk og henta heim seinare på firetrådane.

Det kan og hende at denne steinkonstruksjonen er restane av ei høyløe.


N: 58.84650 Ø: 6.42848 H: 553 m.o.h.



Stakktufta er i dag knapt synleg pga. lyng, gras og einer som gror opp. Foto frå 2007.



Ytterkant av stakktufta fotografert i 2007.



På dette flyfotoet frå 1967 ser ein tydeleg ei steinsamling like aust for den store steinen.


Urdalen - utløa (10)

Ca. 4 x 5 m ytre mål, nokså samanrast. Utgang mot vest. Ser gamal ut.

N: 58.84686 Ø: 6.43173 H: 562 m.o.h.



Steinmurane ligg på ei lita høgde ved stien innover Urdalen. Bak i bilete Flæet opp til venstre. Inn til høgre ligg Urdalshola.




Restane etter denne utløa er merka av på Kartverket sine standardkart - merkeleg nok.

Urdalen - utløa (11)

Omkring 115 m aust for nr. 10 ligg ei stor utløe, ca. 6 x 7 m ytre mål. Ganske godt bevart, tildels grov stein i murane. Åpning mot vest.

N: 58.84671 Ø: 6.43369 H: 566 m.o.h.



Her ser vi også myrane mellom dei to utløene i indre del av Urdalen. Utsikt mot vest.



Denne løegrunden er nesten heilt dekkja av skogburkne. Bakre del av bygningen er groven inn i bakken.

Midtstølsvatn - utløa (12)

På nordsida av vatnet ligg ei lita løe med godt bevarte murar. Ca. 2 x 3 m ytre mål. Stien går rett forbi. Åpning mot søraust og vatnet.

N: 58.85701 Ø: 6.42697 H: 564 m.o.h.



Bak utløa ligg ei gamal slåttemark på omlag eit halvt mål.



Murane på denne løa er sjeldan godt bevarte. Skuldast kanskje god, flat murestein ?


Midtstødln - tuft etter stølshus (13)

I nordaustre ende av Midtstølsvatnet - omlag 20 m frå vatnet - ligg restane etter stølshuset på Midtstødln. Kun låge torvvegger er synlege i dag. I eit hjørne ligg og restane etter ein ovn. Dette var nok vårstølen på Brådland.

N: 58.85963 Ø: 6.43466 H: 561 m.o.h.



Torvveggene på Midtstødln. Ovnrestane oppe i venstre hjørne. Foto frå 2007.



Flyfoto frå 1967. Her ser vi omrisset av den gamle Midtstødln omtrent midt i bilete.

Brådlandstødln - stølsanlegg (14)

Brådlandstødln ligg omlag 7 km frå garden innover Brådlandsdalen. Dette var hovedstølen for Brådlandsgardane. Sannsynlegvis har minst to bruk hatt dette som sin sommarstøl. I alt ser ein no restane etter 7-8 bygningar, liggjande på to rekker. Av desse er det to bygg som framleis har tak, det eine med tjørepapp på taket, det andre med stålplater som tak. Rundt Brådlandstødln er det vide og flate myrar og beitemarker. Inga tilfeldigheit at Stødln for Brådland vart liggjande her. Brådlandstødln er nemnt i matrikkelarbeidet allereide i 1723. Lang og tung veg opp til stølen gjorde at stølsdrifta tok slutt før år 1900.

N: 58.86618 Ø: 6.45995 H: 628 m.o.h.



Brådlandstødln ligg på ei flate på nordsida av elva. Fint beite på begge sider av elva. I bakgrunnen mot aust (til venstre) ser vi Blåfjell. (Foto 2007).



Flyfoto av Brådlandstødln frå 2019. Vi ser tydeleg grunnmurane etter fleire bygningar. Vi ser og dei lyse taka på eksisterende bygningar. Etter at det vart bygd ei ny gjetarhytte i bakken ovanfor stølen, er dei gamle stølsbygningane ikkje lenger i bruk.



Brådlandstølen sett mot sørvest og elva midt i bilete. Bak ser vi skaret opp til Kyrkjesteinsknudane. (Foto 2007).



Brådlandstødn slik det såg ut ein augustdag i 2007.



Det austlegaste av dei to stølshusa på Brådlandstødln. Ytre mål ca. 4 x 6 m. (Foto 2007).




Det vestre av dei to stølshusa på Brådlandstødln. Ytre mål ca. 4 x 4 m. (Foto 2007).

Utløe ved stien mellom Grøne bakkjen og Brådlandsdalen (15)

Løemurane er ca. 6 x 6 m ytre mål. Ligg like ved stien, men er no svært mosegrodde og ikkje så lette å få auga på. To mindre slåttemyrer i nærleiken. Høyet vart teke ned mot brua på firetråd.

N: 58.84786 Ø: 6.40075 H: 359 m.o.h.



Halvstore bjørketre og mosegrodde steinmurar gjer at ein lett går forbi denne løa.



Løa ligg i øvre kant av slåttemyrane. Godt bevarte murar med inngang mot vest.